



LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Tone Synnevåg og Per Ole Ekker
Sandvikavegen 111
5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3464 - 16/30231

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2016

Registrert lause skiljeveggar i septiktank - gbnr 203/53 Fyllingen

Lindås kommune har 27.10.16 motteke melding frå føretaket Jonny Birkeland Transport om lause skiljeveggar i septiktank på eigedommen gbnr. 203/53.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Dei lause skiljeveggane må fast monterast/utskiftast. Frist for arbeidet vert sett 02.12.16.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetje tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Når feil/mangel er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid

Mottakarar:

Tone Synnevåg og Per Ole Ekker

Sandvikavegen 111 5915

HJELMÅS